

Til  
Offentleg mynde  
Naboar/rettshavarar  
Lag og organisasjoner

---

DERES REF: 1219 201708 | VÅR REF: A2329  
DOKUMENTKODE: A2329-PLAN-PBL-002  
TILGJENGELIGHET: Open

Stord, 14. september 2017

## **MELDING OM OPPSTART AV REGULERINGSPLAN FOR UTVIDING AV INDUSTRIOMRÅDE KVERNAVIKA GNR.100, BNR. 2 M.FL. ØKLAND, BØMLO KOMMUNE**

I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 vert det med dette meldt oppstart av arbeid med reguleringsplan for utviding av industriområde Kvernavika gnr.100, bnr. 2 m.fl. Økland i Bømlo kommune.

Bremnes Fryseri er forslagsstillar, og Multiconsult Norge AS er utførande konsulent. Det er gjennomført oppstartsmøte med Bømlo kommune 05.mai 2017.

Planområdet omfattar gnr./bnr. 100/2 m.fl, og er 101,4 daa stort. Planområdet er lokalisert i Kvernavika, Økland i Bømlo kommune.

### **Føremål med planarbeidet**

Bremnes fryseri treng meir areal for utviding av eksisterande produksjonsanlegg. Prinsippsøknad for oppstart av planarbeidet er vedteke i utval for areal og samferdsel 06.09.2017 i sak PS 87/17. Ein ynskjer å leggja til rette for større næringsareal, utviding av eksisterande kai og utbetring av avkørysle med meir. Planområdet omfattar heile eller delar av 3 eksisterande reguleringsplanar, samt tre område regulert i kommuneplanen. I søknaden har ein definert 5 område innanfor planområdet som ein ynskjer endring og etablering av nye tiltak på. Resten av planområdet vert i ny plan regulert som i dag, med føremål etter dagens plan- og bygningslov. Vedtak og saksutgreiing av prinsippsøknad med vedlegg ligg ved.

### **Vurdering av planarbeidet**

Planarbeidet er vurdert i høve til konsekvensutgreiingsforskrifta, og Bømlo kommune vurderer at det ikkje er naudsynt med planprogram og konsekvensutgreiing. Bakgrunnen for dette er blant anna at detaljreguleringa legg opp til mindre enn 15 daa nytt næringsareal.

Sjølv om det ikkje skal gjennomførast konsekvensutgreiing etter forskrifta, skal det gjerast ei grundig vurdering av konsekvensane. Planarbeidet skal mellom anna sjå nærmere på konsekvensar for samferdsle og infrastruktur, strandsone, friluftsliv, landskap, kulturminne og støy/forureining.

## Merknader

Merknader og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

**Multiconsult Norge AS**

**Kunnskapshuset**

**Sæ 132**

**5417 Stord**

**Att. Øyvind Skaar**

Eller elektronisk til:

**oyvind.skaar@multiconsult.no**

Oppstart av detaljreguleringa vert kunngjort på kommunen sine nettsider, og på

[www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer](http://www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer)

**Frist for innsending av merknad: 27. oktober 2017 (6 veker)**

## Vidare saksgong

Etter at merknadsfristen er ute, vil Multiconsult utarbeide planframlegg som inneholder planomtale, plankart og føresegner. Planframlegget vil bli handsama av Bømlo kommune ved politisk utval som vedtek utlegging til offentlig ettersyn. Det vil då også bli høve til å kome med merknader til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med venleg helsing

**Multiconsult Norge AS**



Arealplanlegger Øyvind Skaar

100%, Plan og utredning

## Vedlegg:

1. Planavgrensing
2. Oversiktskart
3. Kopi av saksutgreiing frå politisk møte i areal og samferdsel 06.september 2017
4. Planstatus
5. Planomriss og endringar i plan
6. Adresseliste høyringspartar